

God aktivitet i idrettslaget!

28.11.2007

Sjølv om frammøtet kunne vore betre, vert det meldt om at det vareit svært godt årsmøte i idrettslaget då det vart avvikla på Solheim Turiststasjon søndag. Årsmeldinga fortalde om god aktivitet i laget gjennom året, og det vart gjort fleire gode vedtak på årsmøtet.

Ved valet vart Michael Røssland attvald som leiar, og han fortel at laget arbeider spesielt med å vera eit inkluderande idrettslag der alle er velkomne som medlemmer.

- Ja, vi ønskjer helst heile bygda som medlemmer. Det skal vera eit triveleg idrettslag der det er plass til "alle". Saman ønskjer vi å skapa aktivitet og trivsel for alle aldersgrupper, fortel den attvalde leiaren.

Han fortel vidare at dei ikkje kjem til å heva medlemskontigenten dette året. Den er framleis 300kr for born og 500kr for vaksne, og dette meiner han er billeg med det aktivitetstilbodet medlemmene vert tilbydd; - fotball, aerobic, gymstick, step, friidrett, ski, turlag etc.etc. Det er trass i alt dyrt å drifte eit lag med utgifter både til utstyr og anlegg. På anleggssida satsar dei vidare både på Heio, hallen og grusbanen.

Ved valet fekk ein i år fylt verva, og det er gledeleg at det er god kontinuitet samstundes som det er ei viss fornying. Resultatet vart slik:

Leiar: Michael Røssland
Nestleiar: Bjørn Olav Tveit
Skrivar: Bjarte Døssland
Kasserar: Gunn Kristin Dagestad
Styremedlem: Eli Eiane
Styremedlem: Haldis Åkra
Styremedlem: Marit Stensletten

Styrerepresentant Aktivitetshuset: Odd Steinar Arnesen

Gruppeleiarar:
Fotballgruppa: Ivar Gundersen
Friidrett/Ski: Cathrine Haugland
Turn: Hege Lekva
Turgruppa: Tor Vidar Sæle

Vi ønskjer alle lukke til med arbeidet, og set pris på at dei gjennom det er med og skapar ei aktiv og god bygd å bu i.

Av: Thor Inge Døssland.